

FORORD

Resultata for 2004-2006 syner at:

- Folkeakademiet forvaltar statsmidlane på ein kostnadseffektiv måte med høge kunst- og kulturformidlingstal som resultat. Også kvalitetsnivået er generelt høgt.

- Dei prioriterte målgruppene barn/unge og eldre/institusjonar er nådd i godt omfang. 35 prosent av aktiviteten i 2005 (921 program) og 41.7 prosent av aktiviteten i 2004 (1153 program) er retta mot barn/unge. I 2005 var 25 prosent (658 program) av programma rette mot eldre og folk på institusjon. Tilsvarande tal i 2004 var 34.8 prosent (963 program).

- Også organisasjonens prioriterte tema må seiast å vere tilfredsstillande oppfylt. Det er også mange såkalla fleirgenerasjonsprogram. 23 prosent (605 program) var i 2005 i denne kategorien. FAL har ikkje tal for 2004.

Gode resultat – urovekkjande utvikling over tid

Resultata er framleis svært gode, sjølv om talet på arrangement går ned for sjuande år på rad. Totalt antal publikum i 2005 vart 220 091, ein oppgang frå 204 330 i 2004 (206 728 i 2003 og 233 943 i 2002). Årsaka til oppgangen er FA Hålogaland sine utstillingar som samla sers mykje folk i Russland. Gjennomsnittleg publikumstal pr arrangement vart 81.4 i 2005 og 72.7 i 2004.

Arrangementsnedgangen syner at kostnadene ved å drive kulturformidling har gått opp meir enn statsløyvinga. Om utviklinga held fram er Folkeakademiet snart nede på arrangementsnivået frå 1995, året før vi fekk auka løyvinga med ein million kroner.

At resultata framleis er så gode skuldast:

- Folkeakademiets arrangørnettverk både på fylkes- og lokalnivå.
- At distriktssamskipnadene er dyktige turnéoperatørar.
- At dei lokale akademia får mykje ut av tildelte programmidlar.

Landsstyret og FAL takkar alle for innsatsen!

Oslo,
juni 2006

Irene Bergsnev, leiar.

Leif Kvinlog, Olaug Harriet Nestvold, Ivanir Hasson Olsen, Bjarte A. Synnevåg og Sigrid Marie Thielemann, styremedlemer. Edel Gleditsch Kaland, Anne Kristine Nordstrand og Leo Leonardsen, vararepresentantar.

PS: Denne årsmeldingsutgåva er noko forkorta. Den fullstendige meldinga ligg på www.folkeakademiet.no.

AKTIVITET OG RESULTAT

Kulturdepartementets tilskot

Kulturdepartementet la følgjande mål til grunn for løyvinga i 2004 og 2005: Tilskotet for 2004 på 5, 859 millionar kroner og tilskotet for 2005 på 5,980 millionar skal bidra til Folkeakademiens Landsforbunds (FAL) arbeid med å:

- fremje eit aktivt folkeopplysnings- og kulturarbeid
- stimulere til større kulturinteresse i nye grupper, m.a. med vekt på barn og unge.

Hovudfordelinga vart slik:

	2004	2005
FALs sekretariat:	1 953 000	2 149 700
Distriktssamskipnadene – administrasjon:	1 392 500	1 520 000
Distriktssamskipnadene – turnéverksemd:	953 500	731 000
Progamverksemd i akademia :	1 304 500	1 283 500

Distriktssamskipnadene

Rekneskapstala for distriktssamskipnadene viser ei samla omsetnad på 5,288 millionar kroner i 2005 og 5,614 millionar i 2004 (6,148 millionar i 2003). Ein nedgang som synleggjer problemet med tilgong på ekstern finansiering. Distrikta skaffa sjølv til veges 3,037 millionar kroner i 2005 og 3,298 millionar i 2004 gjennom programsal, andre løyvingar osb.

Distrikts- og fylkesnivået

Distrikta sendte ut i 2004 og 2005 henholdsvis 98 og 98 turnear, med 884 og 985 turnéprogram. Publikumstala på turneane var i 2004 55 730, medan det i 2005 var 84 611. I perioden har distriktssamskipnadene gjennomført til saman 46 ulike prosjekt.

Turnéresultat:

	2004	2005
Barn/ungdom:	51	54
Eldre/inst:	27	28
Fleirgenerasjonsturnear:	18	19
Vaksne:	42	44
Prioriterte tema*:	15	14

(NB: Mange av turneane kan vere retta mot fleire målgrupper og totalsumma kan vere større enn det reelle antal turnear.)

Folkeakademiens Landsforbund * Toyengata 26, 0190 Oslo * Tlf: 22 68 22 06 * fax: 22 68 78 31 * www.folkeakademiet.no * post@folkeakademiet.no

”Syng for Livet”-aksjonen

Saman med Norsk Musikkråd, Norsk Viseforbund, Musikk i skolen, Norsk Sangerforbund, Norges Barne- og Ungdomskorforbund, Ung Kirkesang, Visearkivet, NaKuHel-Norge og Musikkens Studieforbund står FAL bak ”Syng for Livet”. Syng for Livet har fleire mål,- mellom anna å styrke songkulturen i skulen t.d. ved eit felles sangrepertoar, styrke songkulturen som kulturfaktor og som identitets- og gledeskapande verkemedel og bruk av songen som helserelatert verkemedel.

I 2005 og våren 2006 arbeidde ein komite der FAL er representert, med å utvikle og synleggjere ”Syng for Livet” ovafor politikarar og kultur- og helsemiljø. Ein arbeidde også med å førebu ein nordisk ”Syng for Livet”-konferanse med leiande forskarar frå Skandinavia, politikarar og utøvarar i Oslo. Nordisk kulturfond løyvde midlar til konferansen som vart halde i mars 06.

Sivilt/militært kultursamarbeid

Opptakten til det sivilt/militære kultursamarbeidet mellom Forsvarets Overkommando (FO) og FAL, skjedde på ein konferanse i Tromsø i 2001 i regi av Forsvarsdepartementet og Kulturdepartementet.

Samarbeidet gjev både høve til å nå ungdom/yngre vaksne og til å styrke lokale demokratiske og frivillige aktivitetar. Diverre har FAL ikkje lukkast i å få egne løyvingar til dette frå Kulturdepartementet. Landsstyret løyvde 50 000 kroner i 2004 og 20 000 kroner i 2005. Tidligare kontorsjef i velferdstenesta i FO,- Jan Eggum, vart engasjert som prosjektleiar hausten 2005. Han overtok etter Per Inge Olsen. Kostnadene vert delt mellom FAL og FO.

Det har vore aktivitet fleire stader, men med så avgrensa midlar er det ei stor utfordring å få verksemda inn i regulære former. Forsvaret har dei seinaste åra gjennomført store omstruktureringar. No er desse over, og stabiliteten på kultursamarbeidet vil bli lettare å få til.

”Nabo i Nord”

”Nabo i Nord”, det store kulturformidlings- og samarbeidsprosjektet i Barentsregionen, vert drive av Folkeakademiet Hålogaland. Prosjektet har ei vidfemnande verksemd i Norge og Russland, men også Finland og Sverige er med. Det er også tilbod for den samiske folkegruppa. FAL deltek i prosjektet med midlar og informasjonsarbeid.

”Rødt Lys”

”Rødt Lys”, eit teatermusikalsk trafikkopplæringsprosjekt for 1-4 klasse, har i landsmøteperioden berre vore gjennomført i få kommunar. Ein ny versjon av ”Rødt Lys” hadde i juni 2006 premiere

i Hordaland og er innkjøpt av Den kulturelle skulesekken. Dette kan opne for skulesekkinnkjøp av ”Rødt Lys” i andre fylke.

Ungdomskulturprosjektet SKALK-rapport

Som prosjektansvarleg har FAL i landsmøteperioden produsert ein rapport. Rapporten er distribuert både i Noreg og gjennom eit nordisk kontaktnettverk. Rapporten løyste ut midlar frå Nordisk kulturfond.

Andre prosjekt med FAL-midlar i 2004

FA Oppland/Hedmark: Barnehageprosjekt i Hedmark med Marianne Kostøl: ”Jordbærputer og lakrisbåter”.

FA Akershus: Syng for livet: Allsangturné til institusjonar.

FA Buskerud: Prøveforestilling med Rødt Lys for godkjenning til ”Den kulturelle skulesekken”.

FA Telemark: ”Samer i Tinn”- dagens barn i møte med sin nære fortid.

FA Agder: ”Rock mot rus” med Hans Inge Fagervik.

FA Rogaland: ”Eirik Vandvik-jubileet” – oppsetjing av eit lokalt forankra spel der elevar og lærarar skreiv manus, komponerte musikk og var skodespelarar og produsentar.

FA Hordaland: Barneprogram/institusjonsturné med litauiske programhaldarar.

Andre prosjekt med FAL-midlar i 2005

FA Akershus: 1. Frivillige organisasjonar - livsnerven i norske og nordiske lokalsamfunn (3 dagers konferanse). 2. Syng for livet-seminar. Del av partnerskapsprosjektet i Akershus fylke. 3. ”Verdensdagene for psykisk helse”.

FA Buskerud: Ungdomens lyrikkmønstring for Buskerud

FA Rogaland/FA Sola: Siv/militært kultursamarbeid med Madla leir i Stavanger.

FA Hordaland: Institusjonsturné med litauiske og norske programhaldar.

FA Sogn/Fjord.: Forfattarturné i samband med den kulturelle skulesekken.

FA Hagen (Hakadal): Prosjekt for barn og vaksne i fellesskap rundt Hagen skule med Helse- og Rehabiliteringsmidlar.

FA Vestby: Prosjekt for skaterampe i lokalmiljøet med Helse og Rehabiliteringsmidlar.

FA Kongsberg: Er med i prosjektet Den Blå Timen som inneheld kulturopplevingar tilpassa bu- og omsorgsinstitusjonar i Kongsberg og kommunane rundt. Gjennom FAL vart det med hell søkt Helse- og Rehabilitering om midlar for 2006.

Anna

Bergkunstutstilling

FAL kjøpte inn 3 sett av ei bergkunstutstilling med bilete frå heile landet. Setta vart laminert og tilbode distrikta. FA Hålogaland har med suksess brukt utstillinga både i Russland og Noreg. Utstillinga høver også for skulebruk.

I tillegg har distriktssamskipnadene og nokre akademi gjennomført ytterligare prosjekt og tiltak. Følgjande døme frå FA Hordaland gjev ei peikepinn om kva dette kan vere:

- Digitalisering av foto.** Medarr. Fylkeskommunen/Hord. Sogelag.
- Kunsten i båten.** Medarr: Hardanger Fartøyvernssenter/Harding Puls (kunstorganisasjon).
- Trebåten.** Fleire foredrag i Norheimsund
- Kinck-dagane i Strandebarn:** Medarr: Heradet.
- Skervheimseminaret.** Saman med Laurdagsakademiet på Voss.
- Barn og Media.** Medarr. BarneVakten.
- Organisasjonskurs** i samarbeid med Fylkeskommunen.

AKTIVITET OG RESULTAT

	Verksemd og tilskot frå fylkeskommunane i 2004 og 2005 spesifisert på distriktssamskipnadene							
	Antal aktive akademi		Antal program		Antal publikum		Fylkestilskot	
	2004	2005	2004	2005	2004	2005	2004	2005
Akershus	5	4	42	49	1 964	1 809	0	0
Oslo	7	7	160	172	12 912	14 325	0	0
Oppl.-Hedmark	18	19	223	187	16 293	14 859	62 750	73 050
Buskerud	10	9	158	146	8 988	8 610	50 000	50 000
Vestfold	3	4	78	65	3 653	5 574	15 000	0
Telemark	10	10	179	104	9 869	8 829	35 000	13 000
Agder	15	15	229	231	16 382	13 486	39 200	35 000
Rogaland	14	10	153	129	7 398	6 323	90 000	90 000
Hordaland	27	27	978	897	84 951	68 800	423 000	430 000
Sogn og Fj.	13	13	182	318	8 297	10 689	121 884	120 400
Midt-Norge	22	22	201	144	13 491	8 879	22 000	31 000
Hålogaland	21	19	209	261	20 132	57 908	100 000	194 500
SUM	165	159	2 792	2 703	204 330	220 091	958 834	1 036 950

Programverksemd - kategoriar og målgrupper*

Kategoriar	2004	2005	Målgrupper	2004	2005
Foredrag	28,1	27	Barn	20,4	22
Song og musikk	36,2	36	Ungdom	15,1	14
Teater og litteratur	24,1	25	Vaksne	39,1	39
Utstillingar	2,1	2	Eldre/inst.	25,4	25
Anna	9,5	10			

*Tala er i prosent.



PS: Denne årsmeldingsutgåva er noko forkorta. Den fullstendige meldinga ligg på www.folkeakademiet.no.

100-ÅRSJUBILEET I 2005

FAL søkte Kulturdepartementet om støtte til feiringa, men fekk avslag. Jubileet vart difor prega av landsforbundets stramme økonomiske situasjon.

Sentral jubileumsfeiring 5. mai

Jubileumsmarkeringa vart halde i festlokalet Den Gamle Logen i Oslo 5. mai. Ein jubileumskonferanse vart halde same dag.

Akademidagen 18.september

Akademia landet rundt var bedne om å markere jubileet den 18. september eller rundt denne datoen. Mange akademi gjorde dette og fekk samstundes presentert seg sjølv med fine program.

Jubileumskomité

I jubileumskomiteen satt leiar, nestleiar, to tillitsvalde og generalsekretæren. Komiteen fungerte til februar 2006.

Jubileumsskrift og anna materiell

FAL utarbeidde et jubileumsskrift som låg føre ved det sentrale 100-årsjubileet 5. mai. Skriftet er også sendt andre interesserte, m.a. har bibliotek og skular fått det som klassesett. FAL utarbeidde logo, konvoluttar, brevark, klistremerke og banner.

Jubileumsforedrag

Generalsekretæren laga eit foredrag til bruk i distriktssamskipnadene og akademina. Foredraget ligg på nettet. Det er distribuert i papirform og er også tilgjengelig på CD. Det er halde både på distriktssamlingar og i eksterne fora.

Jubileumsutstilling i Russland – Norge/Folkeakademiet 100 år

I samarbeid med Folkeakademiet Hålogaland sendte FAL ei utstilling med Noregsbilete av naturfotografen Halvor Tveraaen til Russland. Utstillinga vart sett opp i Arkhangelsk og Murmansk og hausta stor fagnad.

Konferansen "Folkeakademiet i framtida"

Konferansen vart halde i februar 2006 i Drammen og samla i hovudsak tillitsvalde frå austlandsregionen. Konferansen markerte avslutninga på jubileet, men hovudfokuset var å drøfte seg fram til idear og moglege tiltak.

MØTER, KURS OG INFORMASJONSARBEID

Landsmøtet 2004

Landsmøtet 2004 vart halde på Romerike Folkehøgskule i Ullensaker, 4. – 6. juni. Det møtte representantar frå 11 distriktssamskipnader og frå 46 akademi, til saman 85 deltakarar. Viktige saker var "100-årsjubileet" og "Ytringsrett for folkeakademia". Distriktskonferansen 2004 vart halde i forkant av landsmøtet.

Landsstyret – møte og saker i 2004 og 2005:

Landsstyret hadde 3 styremøte og handsama 61 saker i 2004 og 3 styremøte og 67 saker i 2005. I 2004 måtte april møtet av økonomiske grunner utgå.

Vedtektskomité

Med tanke på ei regelmessig oppdatering av landsforbundets lover og retningslinjer, sette landsmøtet 2004 ned en komité. Komiteen arbeida med endringsframlegg til landsmøtet i 2006.

Fungerande leiar

I juni 2005 døde landsforbundets leiar, Laila Robøle Holtan. Nestleiar Irene Bergsnev rykka då opp. Irene Bergsnev, Lina Bjelland og Pål H. Djuve representerte FAL i gravferda.

Vaksenopplæring

Ein reduksjon i studietimetallet gjennom fleire år synest no å vere snudd, sjå tabell med resultat frå Populus studieforbundet folkeopplysning.

Dei fleste distriktssamskipnadene arrangerte medarbeiderkurs 2004 og 2005.

Informasjonsarbeid mot politikarane

FAL møtte i Kulturdepartementet i 2004 og i Kulturkomiteen på Stortinget i 2005. I tillegg er FAL er med i fleire samanslutningar for å påverke og formidle informasjon.

Presse-, PR og informasjonsverksemd

Talet på presseklipp frå akademieverksemda synte oppgang både i 2004 og 2005. FAL har ved fleire høve distribuert pressemeldingar til landets aviser. Særleg var dette aktuelt i samband med den sentrale jubileumsfeiringa 5. mai og på den landsomfattande akademidagen 18.september 2005. Jubileet og landsforbundet fekk og omtale i NRK-radio.

FAL

Landsforbundets organisasjon og administrasjon er:

- Landsstyret/det sentrale sekretariatet med 3.5 årsverk i perioden.
- 12 distriktssamskipnader med tillits-valte styre og tilsette daglege leiarar.
- 170 registrerte akademi.

12 distriktssamskipnader

Av FALs 12 distrikt har to dagleg leiar i 100 prosent stilling. Dei 12 DL-stillingane utgjorde både i 2004 og 2005 samla 5.15 lønna årsverk. I fire distrikt hadde DL berre ei lita godtgjersle.

YMSE

Ny diplom

Det er utarbeida ny diplom. Diploma er laga av kunstnaren Gerhard Stoltz frå Hordaland.

"FAL-info"

"FAL-info" – informasjonbulletinen som vert distribuert til tillitsvalde og daglege leiarar på distriktsnivå, vart i perioden lagt om til nettavis.

Internett/Kulturmenyen:

Fleire hundre utøvarar med program er presentert på FALs nettkatalog "Kulturmenyen".

Arrangørar kan tinge både programhaldarar og turnéprogram over nettet. FAL har i 2005 arbeida for å effektivisere og modernisere nettsidene med tanke på omlegging i 2006.

Verveaksjon

I 2004 hadde FAL ansvaret for verveaksjonen, medan distriktssamskipnadene hadde det i 2005. I tida fram mot landsmøtet 2006 var FAL pådrivar. FAL laga brosjyrar på begge målføre både med tanke på verving av personlege medlemmer og organisasjons- og institusjonsmedlemmer.

Rundt årsskiftet 2003/2004 hadde akademina og distriktssamskipnadene 1290 personlege og 985 kollektive medlemmer.

Rundt årsskiftet 2006 var tilsvarande tal 1934 personlege og 1343 kollektive medlemmer.

Felles kontoplan

I samråd med nokre akademi utarbeidde FAL ein felles kontoplan og har invitert akademina til å bruke denne. Førebels har det vore liten interesse.

NØKKELEN

Landsmøtet gjorde i 2002 vedtak om at alle akademi og distrikt frå og med 2003 skulle ha ei medlemsordning som NØKKELEN skulle inngå i. De siste akademina kom med i ordninga i 2005.

FAL gav ut 4 nummer i 2004 og 4 nummer i 2005. Det eine – jubileumsnummeret, var dobbeltnummer. Bladet har ei viktig rolle i FALs informasjonsarbeid.

FAL har i landsmøteperioden arbeida for å auke abonnementsstalet. Opplaget er nå 3 700.


Bortsett frå trykkinga og enkelte artiklar og foto som vert kjøpt, står FAL for alt arbeidet med NØKKELEN.

Heidersteikn

Vase med inskripsjon: Landsforbundets heidersteikn, "Vase med inskripsjon", vart på landsmøtet tildelt Ragnhild Ravna frå Folkeakademiet Deatnu-Tana. Ragnhild Ravna har i meir enn 35 år gjort ein stor innsats både lokalt, i Folkeakademiet Hålogaland og i landsstyret. Ho tok initiativ til "Nabo i Nord"-prosjektet og var også ei drivande kraft i prosjektet "Prostitusjon, helse og levekår".

Diplom: Følgjande tillitsvalde er tildelt diplom for aktiv innsats for folkeakademisaka i minst 10 år:

- Solveig Bilstad, FA Krødsherad
- Halldis Brekke, FA Brekke
- Dordi Asheim, FA Brekke
- Anna Engesæter, FA Brekke
- Ingeborg Solheim, FA Brekke
- Gunvor Bygnes, FA Hyllestad
- Jon Oddvar Dammen, FA Kongsberg
- Tormod Flåtrud, FA Flesberg
- Molly Holst, FA Drammen
- Karl Inge Henriksen, FA Oppland/Hedmark
- Svein Lanser, FA Bjerke (FA Årvoll og omegn)
- Odd Simenstad, FA Bjerke (FA Årvoll og omegn)
- Borgny Tveraaen, FA Bamble
- Sverre Vidringstad, FA Agder/Landsstyret



Folkeakademienes
Landsforbund

Trykk: Grøset™

TOÅRSMELDING 2004-2006 FOLKEAKADEMIENES LANDSFORBUND

